



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 13.09.2017
Tid: 09:30

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 135/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 136/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 137/17	Orienteringssaker
OS 122/17	Eigenkapitalbevis Sparebank 1 Søre Sunnmøre

PS 135/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 136/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

PS 137/17 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

NOTAT

Frå: Kari Mette Sundgot
Til: Formannskapet
Kopi: Rådmann, Ass. rådmann
Sak: Sparebank 1 Søre Sunnmøre - Volda kommune som medeigar

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1650	11398/2017	243	ØKO/KARISUN	07.09.2017

EIGENKAPITALBEVIS SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE

SpareBank 1 SøreSunnmøre gjennomfører ein emisjon og er ute og tilbyr eigenkapitalbevis. SpareBank1 Søre Sunnmøre er lokalisert på Søre Sunnmøre, med hovudkontor i Volda og avdelingskontor i Ørsta, Ulsteinvik og Fosnavåg (filialar på Vartdal og Sæbø).

Banken har som målsetting å kunne betene lokalt og regionalt næringsliv og privatmarknad, og ønskjer å posisjonere seg for å kunne ta auka marknadsdelar. Skal banken vere ein lokal og sjølvstendig bank må ein ha ein soliditet som ligg godt over myndigheitenes kapitalkrav. Banken ønskjer at lokale personar og andre investorar blir medeigarar i banken og tilbyr no eigenkapitalbevis. SpareBank1 Søre Sunnmøre har i den samanheng tatt direktekontakt med Volda kommune. Teikningsperioden starta 4. september kl. 09:00 og varer til 18. september kl. 16:30.

Eigenkapitalbevis

Eit eigenkapitalbevis er eit verdipapir som har likheitstrekk med aksjar. Ein viktig skilnad på aksjar og eigenkapitalbevis er at bankens eigarlause kapital (grunnfondskapital) dekkjer eventuelle underskot i banken før eigarane av eigenkapitalbevis, medan investorar i aksjeselskap ikkje har ei slik «støtpute»- I motsetnad til aksjeeigarar har eigarane av eigenkapitalbevis begrensa innflytelse i selskapet sine styrande organ. På lik linje med aksjeselskap, kan bankar med eigenkapitalbevis utbetale utbytte til eigarane sine.

Finansreglementet Volda kommune

Finansreglementet til Volda kommune, kap. 7, gir ei avgrensing i plassering av midlar: «Det kan ikkje plasserast i aksjar eller eigenkapitalbevis (grunnfondsbevis)».

Så lenge denne avgrensinga ligg i reglementet kan ikkje Volda gjere store plasseringar i eigenkapitalbevis. Spørsmålet er om vi likevel bør vurdere å gå inn med ein symbolsk sum for å signalisere interesse at vi vil vere med på å sikre ein lokal og sjølvstendig bank i lokalsamfunnet. Hensikta med eigenkapitalbeviset blir då ikkje plassering for å oppnå avkastning, men ei plassering som har ein samfunns messig profil.

Dei seinare år ser ein at nasjonale/internasjonale bankar trekkjer seg meir og meir ut av vårt marknadsområde, og konsentrerer seg meir om dei store byane. Dette har også kommunane merka når ein er ute på anbod for hovudbankavtalar. Til dømes har Danske bank slutta å levere tilbod til kommunar som dei ikkje er inne i ein avtale med. Truleg kjem dette av at det ikkje er store pengar å tene på kommunane.



VOLDA KOMMUNE

Økonomistaben

Lokale bankar får då ei stadig viktigare rolle som partner for det lokale næringslivet. Likeeins sørge for at personmarknaden har ein lokal bank som kjenner kunden og stiller opp. SpareBank 1 Søre Sunnmøre står svært sterkt i Volda- og Ørsta-regionen, med ein marknadsandel på om lag 60% både på person- og bedriftsmarknaden. Næringslivet i Volda/Ørsta-regionen er stabilt, godt og rimeleg forutsigbart. Her skal vi foredle og vidareutvikle posisjonen vår.

Til informasjon så vurderer Ørsta kommune også eigenkapitalbevis i Spareban1 Søre Sunnmøre, enten med symbolsk sum eller som ei større plassering av likvide midlar. Ørsta kommune har moglegheit til dette gjennom finansreglementet sitt.

I løpet av første kvartal 2018 skal Volda kommunen revidere Finansreglementet. Det er då naturleg at vi då tek diskusjon på om vi skal opne for plassering i enkeltaksjar og eigenkapitalbevis. Fram til dette er endra så må ein forholde seg til gjeldande reglement.

Sjølv med avgrensing i reglementet meiner vi det er rom for formannskapet og gjere vurdering på eigenkapitalbevis i SpareBank1 Søre Sunnmøre, men då med eit symbolsk innskot for å markere den samfunns messige nytta ein lokalbank har.

Teikningskurs i emisjonen er kr. 104,- pr eigenkapitalbevis.

Om Volda kommune kjøper 5000 eigenkapitalbevis vert det ein kostnad på kr. 520 000.